

RETNINGSLINER FOR UTSTILLINGSSTIPEND

Fastsette av Kulturdepartementet 5. februar 1999, med endring 26. mars 2004 og 14. oktober 2004. Jamfør Reglement for Norsk kulturråd fastsett ved kgl. res. av 27.08.65, endringar av 24.09.76 og 20.11.87.

1. Formål med ordninga

Hovudmåla for tilskot til utstillingsstipend er:

1. å gje biletkunstnarar, kunsthandverkarar og kunstfotografar betre vilkår i arbeidet deira med utstillingar.
2. å heve kvaliteten og styrkje profesjonaliteten i utstillingsverksemd i kommunar og fylke ved å mogleggjere offentleg tilgjengelege utstillingar, jf. punkt 4.

2. Målgruppe

Ordninga rettar seg mot yrkesaktive biletkunstnarar, kunsthandverkarar og kunstfotografar som bur og/eller verkar i Noreg og som kan vise til profesjonell fagleg verksemd.

3. Administrasjon av ordninga

Søknad om stønad blir handsama på to nivå: Midlane blir fordelte av ein tildelingskomité etter innstilling frå regionale innstillingskomitear.

Tildelingskomiteen blir oppnemnd av Kulturrådet og består av:

- ein representant oppnemnd etter forslag frå Norske Billedkunstnere
- ein representant oppnemnd etter forslag frå Norske Kunsthandverkere
- ein representant oppnemnd etter forslag frå Forbundet Frie fotografer
- ein representant oppnemnd etter forslag frå Norske Kunstforeningers Landsforbund

Dei regionale innstillingskomiteane består av:

- ein representant oppnemnd av kunstforeiningane i fylket
- ein representant oppnemnd av fylkeskommunen
- ein representant oppnemnd av distriktsorganisasjonen for Norske Billedkunstnere
- ein representant oppnemnd av distriktsorganisasjonen for Norske Kunsthandverkere

Representantane skal ha kunstfagleg kompetanse.

Kvar av representantane skal ha ein personleg varamedlem.

Komitémedlemmene blir oppnemnde for ei funksjonstid på to år med høve til gjenoppnemning for to år til.

Dei regionale kunstnarsentra fungerer som sekretariat for dei regionale innstillingskomiteane.

Administrasjonen til Kulturrådet fungerer som sekretariat for tildelingskomiteen.

Norsk kulturråd skal orienterast om vedtak fatta av tildelingskomiteen for utstillingsstipendordninga.

4. Vilkår/kriterium

Det kan gjevast stønad til:

1. separatutstillingar, der ein kunstnar disponerer eitt eller fleire rom på ein utstillingsstad
2. gruppeutstillingar, der ei avgrensa gruppe kunstnarar på eige initiativ stiller ut på same stad og til same tid
3. utstillingar der ein kunstnar eller ei kunstnargruppe etter personleg invitasjon frå arrangør stiller ut verk saman med verk av andre særskilt inviterte kunstnarar.

Stønad kan berre brukast til utstillingar som skal haldast eller påbyrjast seinast to år etter året for søknadsfristen.

I søknaden skal inngått avtale om framsyning dokumenterast.

Storleiken på tilskotet blir fastsett ut frå eit kunstnarleg skjønn og ei samla geografisk og økonomisk vurdering.

Det blir ikkje gjeve stønad til avslutta eller påbyrja utstillingar. Det blir ikkje gjeve stønad til kollektivutstillingar, definerte som utstillingar der kunstnarar etter open invitasjon sender inn verk, som så – med eller utan juryering – blir stilte ut samla. Det blir ikkje gjeve stønad til utstillingar i utlandet. Ny søknad frå same søkjer kan ikkje handsamast før rapport og rekneskap frå ei tidlegare støtta utstilling er innsende.

5. Kunngjering og søknadsfrist

Tilskotsordninga med aktuell søknadsfrist blir kunngjort årleg i relevant fagpresse. Søknader postlagde etter utlyst søknadsfrist blir ikkje lagde fram for handsaming.

6. Krav til form og innhald i søknaden, i søknaden skal dette inngå:

- a) Fullstendig utfylt søknadsskjema som òg inkluderer budsjett med søknadsbeløp. I søknaden skal det gjevast opplysningar om søkjaren/utstillingsstaden har fått eller har søkt tilskot frå andre til utstillinga det blir søkt stønad til.
- b) Kortfatta prosjektskilddring som bl.a. må innehalde prosjektidé og forklaring av korleis denne er tenkt realisert (ei til to A4-sider).
- c) CV med opplysningar om utdanninga til søkjaren, tidlegare kunstnarleg verksemd som utstillingar, deltaking på juryert(e) utstilling(ar), innkjøp, utsmykkingsoppdrag o.l. samt eventuell erfaring frå anna verksemd.
- d) Relevant biletmateriale/skissemateriale/dokumentasjon av kunstnarleg verksemd.
- e) Avtale om visningsstad, med reiegjering for korleis utstillingsutgiftene er tenkte delte mellom kunstnar og arrangør.

7. Søknadshandsaming

Søknaden, med vedlegg og dokumentasjon av kunstnarleg verksemd, skal sendast til kunstnarsenteret i det distriktet utstillinga finn sted. Søkjarar som skal halde utstilling i Oslo, sender søknaden til Akershus Kunstnersenter.

Kvar einskild regional innstillingskomité handsamar søknadene og innstiller i prioritert rekkjefølgje og med forslag til tildelingsbeløp inntil 10 søknader (25 for Oslo og Akershus). Den generelle vurderinga og det kunstnarlege skjønnet til innstillingskomiteane blir lagt til grunn ved handsaming av søknadene.

Grunngjevne innstillingar og alle søknader med vedlegg blir sende samla til tildelingskomiteen.

Tildelingskomiteen samordnar innstillingane og tek endeleg avgjerd om tildeling og tidelingsbeløp etter ei samla vurdering. Tidelingskomiteen for utstillingsstipendordninga kan prioritere utstillingar i område der det frå før er manglande utstillingstilbod. Inntil endelig vedtak om tildeling ligg føre, er handsaminga unnateken offentlegheit. Administrasjonen til Norsk kulturråd informerer søkjarane om vedtaket til tidelingskomiteen så snart endeleg vedtak er fatta.

8. Fastsetjing av tilskot

Maksimalt stipendbeløp er kr 50 000.

9. Klage

Vedtaket kan påklagast til Kulturdepartementet, men *ikkje når det gjeld det faglege kunstnarlege skjønnet*, jf. forskrift av 20. november 1987 nr 924 om unntak frå høvet til å klage over vedtak i Norsk kulturråd, Fond for lyd og bilete og Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar. Klage skal sendast til Norsk kulturråd innan tre veker etter at vedtaket har kome fram til søkjaren.

10. Utbetaling av tilskot

Administrasjonen til Norsk kulturråd utbetaler stipendet til kunstnaren så snart tidelingskomiteen har fatta endeleg vedtak.

11. Eventuell tilbakebetaling av tilskot

Dersom utstillinga ikkje blir gjennomført i tråd med føresetnadene, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt.

12. Rapportering frå tilskotsmottakar

Søkjarar som får stønad, må sende rapport frå utstillinga til Norsk kulturråd seinast ein månad etter at utstillinga er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- a) Rekneskap
- b) Skildring av korleis utstillinga har vore marknadsført
- c) Publikumsoppslutnad
- d) Ei vurdering av arbeidet utstillingsstaden har gjort med utstillinga

Norsk kulturråd rapporterer om bruken av midlane gjennom den årlege rapporten om den samla verksemda si til Kulturdepartementet.

13. Kontroll

Norsk kulturråd og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotet blir nytta i tråd med føresetnadene jf. Stortingets løyvingreglement § 17, der det heiter at:

«Når det av statsmidler ytes tilskudd eller bidrag til offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt departementets kontroll, skal det, hvis ikke annet bestemmes, overfor mottakeren tas forbehold om adgang for den forvaltningsgren som yter bidrag eller tilskudd, og for Riksrevisjonen, til å iverksette kontroll med at midlene nyttes etter forutsetningene.»

Norsk kulturråd kan be dei regionale kunstnarsentra om å kontrollere dei data som ligg til grunn for utarbeidinga av innrapportert materiale.

14. Reaksjonsformer

Dersom tilskotsmottaker gjev urette opplysningar eller ikkje nyttar tilskotet i samsvar med

føresetnadene, vil dette påverke vurderinga av eventuelle nye tilskot. Vidare kan heile eller delar av tilskotet krevjast tilbakeført.